

Advokatfirmaet Kyrre Ans  
Tore Johan Erstad  
Postboks 1826 Nordnes  
5816 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/2744 - 21/59842

Saksbehandlar:  
Hanne Marie Evensen  
hanne.marie.evensen@alver.kommune.  
no

Dato:  
10.09.2021

## Plankrav for planering av tomt - gbnr 322/262 Mjåtveit

Syner til brev motteke 10.08.2021 vedrørende søknad om rammeløyve for planering av tomt på gbnr. 322/262 i Alver kommune. Vi beklager sein tilbakemelding.

I utgreiinga er det i hovudsak vist til at det i politisk møte (UDU) 20.06.2017 vart gjeve fritak frå plankravet for oppføring av bustad for m.a. denne eigedomen, samt at fritaket framleis gjeld. På bakgrunn av dette meiner tiltakshavar at det verken er heimel eller naudsynt med dispensasjon frå plankravet, slik kommunen har kravd.

Kommunen er ikkje samd i denne vurderinga. Kommunen kan ikkje sjå at det er eit «vedtak om fritak», men ein tolking av planføresegna gjort av UDU. Vidare vart det i 2017 berre søkt om arealoverføring og frådeling, og ikkje løyve til planering og oppføring av bustad som er tilfelle no.

Vurderinga som er gjort av UDU er ikkje gjeldande for alle (nye) tiltak på vedkommande eigedom, eit kvart tiltak må difor vurderast på nytt mot ein kvar tids gjeldande arealplan. I dette tilfellet er arealplanen blitt revidert 16.10.2019, i tillegg til at det er eit nytt tiltak; planering.

Kommunen legg difor til grunn at det må søkjast om dispensasjon frå plankrav for planering av tomta, jf. pkt. 1.2.1 i kommunedelplan for Meland.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Hanne Marie Evensen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Advokatfirmaet Kyrre Ans

Postboks 1826 Nordnes

5816

BERGEN